

# Årsmelding

## Ålfotbreen landskapsvernområde

### 2017



Foto: Rune Holen

Alf Erik Røyrvik  
Verneområdeforvaltar

## **1. Generelt**

Ålfotbreen landskapsvernombordet vart verna 9. januar 2009. Verneområdet er på 226 km<sup>2</sup> og ligg i kommunane Flora, Bremanger og Gloppen. Det første verneområdestyret vart konstituert 13. mai 2011 og sidan det har verneområdet blitt forvalta gjennom lokal forvaltning.

Ålfotbreen landskapsvernombordet er eit verneområde med krevjande klima og topografi. Store delar av området er vanskeleg tilgjengeleg og det er få bygningar eller andre installasjonar inne i verneområdet. Dette gjer sitt til at saksmengde og aktivitet generelt inne i verneområdet er mindre enn mange andre store verneområder. Samstundes gjev eit sopass urørt område gode sjansar for flotte opplevingar i storslått natur.

### **Styret**

Det vart konstituert nytt styre for Ålfotbreen landskapsvernombordet i 2016. Etter kommune- og fylkestingsvalet hausten 2015 vart det oppnemnt nye representantar frå kommunane og fylkestinget. Det sitjande Ålfotbreen verneområdestyre konstituerte seg på styremøte 5.april 2016.

Verneområdestyret for perioden 2016-2019 er samansett slik:

<b>Verv</b>	<b>Namn</b>	<b>Representerar</b>	<b>Vararepresentant</b>
Leiar	Hege Lothe	Gloppen kommune	Per Rune Vereide
Nestleiar	Marius Strømmen	Bremanger kommune	Audun Åge Røys
Medlem	Jan Henrik Nygård	Flora kommune	Trine Hovland
Medlem	Gunn Karin Sande	Fylkeskommunen	Harald Bjarte Reite

PS: Frå Bremanger kommune var det først Røys som vart utnemnd som fast representant og Strømmen som vara. Her vart det gjort eit formelt bytte i desember 2016, slik at det no er Strømmen som er fast representant.

Styret har hatt tre styremøter i 2017, og alle møta er gjennomført som fysiske møter. Møta har vore haldne i Hyen, Florø og Svelgen, og det er på desse møta handsama totalt 14 styresaker. I tillegg er det lagt fram ni referatsaker for styret.

Styret har også hatt arbeidsmøte og synfaringar i samband med besøksstrategien. Dette var i Ålfote, Åskora og Bjørndalen.

Styret har delegert mynde til verneområdeforvaltaren i kurante saker under visse vilkår. Forvaltaren har handsama ei slik sak i 2017.

## **2. Saker**

Saksmengda i Ålfotbreen er generelt låg og var veldig låg i 2017. Dette kjem nok først og fremst av at verneområdet er eit område med få bygningar, få andre inngrep og relativt liten aktivitet. Det gjer til at behovet for motorferdsel er lågt og at det er langt mellom byggesakene. Mykje av behovet for motorferdsel er dessutan jamlege behov som får fleirårige

### **Motorferdsel:**

- Norges vassdrags- og energidirektorat fekk i januar løyve til å lande med helikopter ved ein målestasjon i Skjerdalen i samband med naudsynt tilsyn og vedlikehald av målestasjonen. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.

### **Andre saker:**

- Marius Strømmen vart valt til nestleiar i styret
- Styret vedtok retningslinjer for bruk av drone og handsaming av dronesaker.

### **Besøksstrategi:**

Både styre og forvaltar har jobba mykje med besøksstrategi i 2017. Styre og forvaltar hadde eit framlegg til strategi klart i juni, som vart sendt til Miljødirektoratet for fagleg godkjenning før høyring. Direktoratet hadde ein del tilbakemeldingar, og fram mot jul har forvaltar jobba med å få godkjent strategien. Vi vonar at vi kan få sendt besøksstrategien ut på ei enkel høyring vinteren 2018.

### 3. Rekneskap

Ein enkel rekneskap for forvaltningsknutepunktet kan ein sjå nedanfor her. I og med at forvaltningsknutepunktet er felles med Ålfotbreen landskapsvernombord, er det satt opp ein felles rekneskapsoversikt.

2017	Felles/totalt		Naustdal-Gjengedal		Ålfotbreen	
	Budsjett	Kostnadars	Budsjett	Kostnadars	Budsjett	Kostnadars
Lønn og sosiale utg	667 232	663 032	333 616	335 942	333 616	327 090
Drift forvaltar og knutepunkt		71 118		38 928		32 190
Drift styre	170 000	99 293	90 000	27 666	80 000	71 627
Planarbeid	80 000	21 260	80 000	21 260		
Tiltaksmidlar	520 000	287 718	460 000	287 718	60 000	0
<b>Tot</b>	<b>1 142 421</b>		<b>711 514</b>		<b>430 907</b>	

Når vi samanliknar rekneskapen for 2017 med føregåande år, so ser vi at vi har brukt vesentleg mindre midlar i 2017 enn i 2016. Dette kjem først og fremst av at vi i 2016 hadde kostnadars til trykking av forvaltningsplan og til kompetanseprogram for nye styre. Soleis er vi i 2017 tilbake til eit «normalår».

Ålfotbreen fekk veldig lite tiltaksmidlar i 2017, det kjem eg tilbake til under kap 4.

Ut i frå rekneskapen her kan det sjå ut som om det ikkje har blitt brukt tiltaksmidlar i 2017. Det er ikkje heilt riktig. Det vart brukt vel 60.000 på tiltak i 2017, men grunna at fakturaane kom inn seint og litt vanskar i fakturasystemet, so vert desse truleg belasta rekneskapen for 2018.

Generelt sett kan vi seie at drift og bruk av midlar er innanfor budsjetta og at vi har god kontroll på forbruket.

## **4. Tiltak / bruk av midlar**

Det største og mest omfattande tiltaket som har vore jobba med i 2017, er produksjon og publisering av ein artikkelserie om Ålfotbreen landskapsvernområde. Arve Sandal har stått for idear, utvikling og produksjon av desse artiklane, etter innspel frå verneområdeforvaltninga med fleire.

Sandal skreiv totalt åtte artiklar om ulike tema som opplevingar, jakt, fiske, geologi mm. Alle tema som alle er relevante for Ålfotbreen landskapsvernområde, og der Ålfotbreen kan by på heilt unike kvalitetar. Alle artiklane er publisert på nettstaden [www.alfotbreen.no](http://www.alfotbreen.no). Til jobben med å lage til nettside og publisere artiklane henta vi inn hjelp frå Innholdspartner på Sandane.

Kostnadane til å produsere artiklane vart betalt av tiltaksmidlane i 2016. I 2017 hadde vi 30.000 i kostnadar med nettsida. Som nemnt i kapittel 3 so kom fakturaen inn noko seint, slik at kostnaden først kjem på rekneskapen for 2018.

Det vart sett av midlar til å reparere ein stige på ruta frå Blåbrebu til breen. Dette vart ikkje gjennomført i 2017, men stigen vart bestilt slik at den kan monterast i 2018. Også denne kostnaden vert ført på rekneskapen for 2018.

## **5. Fagleg Rådgjevande utval**

Fagleg Rådgjevande utval for Ålfotbreen landskapsvernområde vart oppretta i 2014. Utvalet består av representantar frå ulike verksemder og organisasjonar, og dessutan ein grunneigarrepresentant frå kvar kommune. Utvalet er samansett slik:

- Sogn og Fjordane Energi
- Svelgen Kraft
- Sogn og Fjordane Turlag
- Naturvernforbundet
- Visit Fjordkysten
- Visit Nordfjord
- Nordfjord Folkehøgskule
- Martin K. Førde – grunneigar Bremanger
- Leidulv Solvang – grunneigar Flora
- Arild Straume – grunneigar Gloppen

Utvalet hadde eit møte i 2017. Det var på Sandane 17.november.

## 6. Forvaltar

Verneområdeforvaltaren vart tilsett 1.oktober 2011 og har verka i stillinga samanhengande sidan det. Forvaltaren har kontorstad på Sandane, der han delar kontor med Statens naturoppsyn sin oppsynsmann som er tilknytt Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen landskapsvernombordet.

Samarbeidet med SNO lokalt fungerer veldig godt. Vi jobbar mykje i team, både under planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak, tenestekjøp og i dei konkrete sakene som dukkar opp.

Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på i 2017:

- 23.-24. mars, Fagsamling for forvaltarar i S&F, Hordaland og Buskerud, på Geilo
- 26.-28.september, Fagsamling for forvaltarar i Tromsø.
- 4. og 5.desember, Fellessamling for miljøvernavdelingane i Sogn og Fjordane og Hordaland.

### Møteverksemnd

Verneområdeforvaltaren har delteke på og arrangert ei rekke møter i 2017. Mellom anna:

- Avdelingsmøter, faggruppemøter, personalsamlingar og andre interne møter hjå Fylkesmannen.
- Møter som tillitsvalt for Naturviterne hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Møter med fagpersonar i kommunane
- Møter med miljørådgjevarane til SFE
- Innlegg på fagforum for «miljøfolk» i kraftbransjen.
- Møter med destinasjonsselskap og reiselivsverksemder.


I tillegg har verneområdeforvaltaren og/eller naturoppsyn vore på nokre mindre synfaringar og turar i og rundt landskapsvernombordet.

## 7. Bilete frå 2017



Bilete 1. Verneområdestyre og naturoppsyn ved Storevatnet i Bremanger,  
med Gjegnen i bakgrunnen.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 2. Dammen i Bjørndalen og Bjørndalsmagasinet.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 3. Synfaring med fagforum for «miljøfolk» i kraftbransjen

Foto: Alf Erik Rørvik



Bilete 4. Verneområdeforvaltar på fagsamling i Fjærland, saman med andre forvaltarar frå Sogn og Fjordane, Hordaland og Oppland. Foto: Nils Erling Yndesdal



Bilete 5. Lavesteinen mellom Hope og Gjegnabu.

Foto: Rune Holen




Bilete 6. Utsikta fra Gjegnabu og vestover mot (f.v.) Gråfjellet, Ålfotbreen, Y-vatn og X-vatn.

Foto: Rune Holen



Bilete 7. Gjegnabu og Gjegnen i bakgrunnen til venstre.

Foto: Rune Holen.



Bilete 8. Den fascinerande og flotte konglomeratsteinen som vi finn so mykje av rundt Ålfotbreen.

Foto: Rune Holen